

Saksnr 19/21	Utval Utval for plan og utvikling	Møtedato 06.05.2021
11/21	Kommunestyret	27.05.2021

VEDTAK AV PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR OVERVATN I STORD KOMMUNE

Framlegg til innstilling:

Stord kommunestyre vedtek planprogrammet for ny Kommunedelplan for overvatn.

Saksprotokoll i Utval for plan og utvikling - 06.05.2021

Innstilling

Stord kommunestyre vedtek planprogrammet for ny Kommunedelplan for overvatn.

Handsaming

Samrøystes innstilt.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.05.2021

Vedtak

[Stord kommunestyre vedtek planprogrammet for ny Kommunedelplan for overvatn.](#)

Handsaming

Samrøystes vedteke

Vedlegg:

- 1 Planprogram KDPL overvatn til vedtak
- 2 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Fiskarlaget Vest
- 3 Høyringsfråsegn planprogram OV frå NVE
- 4 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Statens Vegvesen
- 5 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Tor Harald Rysjedal, Kviteluren
- 6 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Stord kommunale eigedom
- 7 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Stord Fitjar Landbruk- og miljøkontor
- 8 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Statsforvaltaren i Vestland
- 9 Høyringsfråsegn planprogram OV frå Per Gunnar Lund, Kårevik
- 10 Høyringsfråsegn planprogram frå Vestland fylkeskommune og Bergen Sjøfartsmuseum

Innleiing

Kommunedelplan for overvatn skal omhandla handtering av overvatn i Stord kommune. Overvatn kan definerst som overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn. Ein plan på kommunedelplannivå skal alltid ha planprogram, jamfør Plan- og bygningslova § 11-13. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og metode for medverknad.

Stord kommunestyre vedtok 22.10.2020 i PS 67/2020 å starta arbeidet med ny Kommunedelplan for overvatn.

Utval for Plan og Utvikling vedtok 04.02.2021 i PS 6/2021 å leggja planprogram for ny Kommunedelplan ut på seks veker høyring.

Planprogram for Kommunedelplan for overvatn har vore på høyring i seks veker med høyringsfrist den 26.03.2021.

Det er komne inn ni høyringsmerknadar til planprogrammet. To merknadar er komne inn etter høyringsfristen (gjeld felles merknad frå Vestland Fylkeskommune og Bergen Sjøfartsmuseum).

Saksutgreiing

Innkomne merknadar til planprogrammet for Kommunedelplan for overvatn er oppsummert slik:

Part	Dato	Oppsummering/innspel, høringsfrist 26.mars 2021
Offentlege, lokale		
Stord kommunale eigedom	11.02.21	<p>Framhevar at ekstremnedbør gjer at tursti langs Ådlandsvatnet blir vaska ut. Meiner demning/laksetrapp ved utløp av Ådlandsvatnet må få nivåreguleringsinnretning. Store nedbørsmengder gjer generelt skade på turvegar elles i kommunen også. Ynskjer at problemet vert vurdert i planen vidare.</p> <p>. Ådlandsvatnet, som del av Ådlandsvassdraget, er eit av hovudvassdraga som skal vurderast særskilt for flaum og forslag til førebyggjande tiltak. Vassdrag elles som kan medføra skade blir del av kartleggingsarbeidet.</p> <p>Innspelet er ivareteke i Planprogrammet.</p>
Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor	25.03.21	<p>Viser til Bergen kommune sin Kommunedelplan for overvatn. Den tek opp tema for skogsdrift, landbruk, myr og våtmark og kulturminner. Ber om at desse momenta vert vurdert inn i Stord kommune sin Kommunedelplan for overvatn.</p> <p>Alle arealføremål i kommunen er tenkt vurdert med tanke på overvasshandtering. Innspelet vert teke med i det vidare planarbeidet.</p> <p>Innspelet er ivareteke i planprogrammet.</p>
Offentlege, overordna		

<p>Statsforvaltaren i Vestland</p>	<p>12.02.21</p>	<p>Statsforvaltaren skriv at sidan planen er ein temaplan kan ikkje Statsforvaltaren nytta motsegn.</p> <p>Planprogrammet er føremålstenleg. Stiller spørsmål ved om miljøomsyn ikkje burde inngå som del av hovudmålsetjinga.</p> <p>Viktig at planen er tydeleg på:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>avklaring av ansvarstilhøve kring overvatn</i> • <i>føringar for arealplanlegging</i> • <i>heimelsgrunnlag for pålegg om overvasstiltak i allereie utbygde område</i> <p>Oppmodar til å sjå på vatn som ressurs.</p> <p>Rår til å utarbeida detaljert ROS-analyse knytt til overvass-problematikken, for å få betre grunnlag for prioritering av tiltak.</p> <p>Viktig å avklare ansvarstilhøve også mot andre planar.</p> <p>Miljøomsyn og ansvar for overvatn er nokon av hovudføremåla i Planprogrammet. ROS-analyse blir del av kartlegginga av risikoområde, som alt er med i Planprogrammet.</p> <p>Innspela er ivaretekne i forslaget til Planprogram.</p>
<p>Statens vegvesen</p>	<p>23.03.21</p>	<p>Presiserer at Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet først og fremst er knytt til arealbruken langs riksveg samt at dei har ansvar for føringar i Nasjonal transportplan (NTP). Poengterer at E39 må unngå fare for ras eller flaum.</p> <p>Tek med at til dømes biologisk mangfald er premiss for arbeidet med å få etablert gode heilskaplege løysingar for handtering av overvann som ressurs.</p> <p>Vassvegar som kryssar E39 vert kartlagt i kommunedelplanarbeidet. Biologisk mangfald er tema i føremålet med planen.</p> <p>Innspela er ivaretekne i forslaget til Planprogram.</p>

NVE	25.03.21	<p>Råd til å nytta tretrinns-strategien (som er ein handteringsstrategi for overvatn), og legg særleg vekt på trinn 0, planlegging.</p> <p>Gir råd til korleis me kan stille krav i Kommunedelplanen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konkrete krav til infiltrasjon og fordrøying i plan og byggesaker • Krevja at flaumvegar vert innarbeidd i plankart i alle arealplanar <p>Tipsar om å nytte planretningslinje som hjelp til å leggja føringar til kommuneplanen.</p> <p>Påpeikar at kommunen kan definere kva risiko som er akseptabel i høve fare og skade knytt til overvatn utanom vassdrag.</p> <p>Viser elles til relevante nettsider.</p> <p>Merknad er hovudsakleg kompetanseinnspel og vil bli tekne med i det vidare arbeidet. Fleire av momenta er alt tekne med i Planprogrammet.</p> <p>Innspela er ivaretekne i forslaget til Planprogram.</p>
Vestland fylkeskommune / Bergens Sjøfartsmuseum	06.04.21	<p>Vestland fylkeskommune melder at dei ikkje har rukke å gje tilbakemelding til planprogrammet grunna sjukdom, men vil komme tilbake med merknader når sjølve planen kjem på høyring.</p> <p>Dei legg ved uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum som presiserer at maritime kulturminner også omfattar vatn og vassdrag og minner om undersøkingsplikta etter Kulturminnelova.</p> <p>Innspelet om kulturminne i vassdrag vert teke med i vidare arbeid med kommunedelplanen.</p> <p>Innspela er ivaretekne i forslaget til Planprogram.</p>
Interesse-organisasjonar		
Fiskarlaget Vest	26.03.21	<p>Presiserer at det er viktig å unngår forureining i sjø for å sikra omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.</p> <p>Eit av føremåla i Planprogrammet er at overvatn ikkje skal forureina miljøet.</p> <p>Innspela er ivaretekne i forslaget til Planprogram.</p>

Privatpersonar, velforeiningar, burettslag		
Kårevikvegen 86-94 v/ Per Gunnar Lund	22.03.21	<p>Melder inn to konkrete overvass-saker:</p> <p>1) Ein øydelagd overvassleidning grunna påstått ulovleg privat tiltak i strandsona. Medfører at lokal gangveg vert vaska ut og øydelagd. Har meld ifrå til kommune om problemstillinga, men dette har ikkje ført fram.</p> <p>2) Er etablert sandfang med tilhøyrande stikkrenne under tilkomstvegen til Sæbø gard, bak Dagfinnsvikjo badeplass. Tiltaket fører til at bakke i bakkant av badestranda vert blaut og lite eigna til rekreasjon for badande.</p> <p>Innspelet påverkar ikkje innhaldet i Planprogrammet, men vert vurdert med i tiltakslista for overvasstiltak i planen.</p>
Tor Harald Rysjedal, Kviteluren 34	25.03.21	<p>Melder inn konkret overvass-sak i Kviteluren. Tor Harald Rysjedal bur i nedste husrekka i Kviteluren. Kjem mykje vatn ned det bratte terrenget både i tørrver og ved nedbør. Vassproblemet gjeld også for naboar.</p> <p>Innspelet påverkar ikkje innhaldet i Planprogrammet, men vert vurdert med i tiltakslista for overvasstiltak i planen.</p>

Vurdering

Det er komme inn ni merknadar til planprogrammet. To av desse er frå privatpersonar/velforeiningar. I det vidare arbeidet med Kommunedelplan for overvatn skal høve for medverknad styrkast i samband med avdekking av aktuelle område med overvassproblem.

Ingen av dei ni høyringsmerknadane påverkar innhaldet i Planprogrammet. Planprogrammet er såleis ikkje endra etter høyringa.

Prosjektgruppa for Kommunedelplan for overvatn har sjølv sett behov for å gjera ei mindre justering av ein setning i planprogrammet. Under delpunktet «Føremål med planarbeidet» side 4, før tre kulepunkt, er teksten endra frå «I tillegg skal det vere fokus på at:» til «Det inneber òg at:». Justeringa skal synleggjera styrkinga av fokuset på biologisk mangfald, blågrøne løysingar og stoppa eventuell forureining av miljøet. Justeringa medfører ikkje at planprogrammet må ut på ny høyring.

Økonomiske konsekvensar

Ansvaret for overvatn er fordelt på mange aktørar, og gode løysingar krev samarbeid. Kommunedelplan for overvatn skal avklara ansvarstilhøva kring overvatn, mellom anna ansvar for investeringar, drift og vedlikehald og forvaltning av overvass-systema.

Konklusjon, alternativ tilråding

Stord kommunestyre vedtek planprogrammet for ny Kommunedelplan for overvatn.